

Årets
Ullveka
Sjal

HAUST

Design: Hege-Therese Nilsen

Foto og layout: Kjetsti Isdal / Region Nordhordland

Ullveka
VESTLAND 2020

Årets Ullvekasjal er strikka i eit 2-tråda, mjukt og glansfullt kardegarn av pelssauull. Sjalet er strikka fram og tilbake i rettstrikk med holmønster. Mønsteret er enkelt å følge, og sjalet kan strikkast så langt ein ønskjer.



*Inspirert av
haustfjella*

Som byjente; oppvokst på Fjellsiden med storslått utsikt over heile Bergen, gjekk i barnehage på Fløyen, og med hytte på Voss, har fjella alltid fasinert meg. Bua fjell som ligg i kvarandre og lagar spennande landskap. Haustens fargar er favoritten. Champagnefarga tre og busker.

Mønsteret i sjalet er populært kalla havskum, men om du ser etter kan du lett sjå fjella her i vest.

Eg lærde å strikke rundt 4-års alder. Mormor var nøye, ho rakk opp og me starta på nytt, heilt til vi begge var fornøyd. Farmor var ikkje så streng og ho hadde gjerne meir spennande garn. Gleda ved å strikke gav dei meg begge to. I dag er eg veldig takksam for at mormor var so streng. Om eg ikkje er nøgd, rekk eg opp for ikkje å ergre meg over feilen seinare. Mormor gjorde meg og kvalitetsbevisst.

Eg likar best tynt garn og tynne pinnar. Eg er kanskje litt sær når det gjeld garn, og brukar helst norsk garn. Mine favorittar er lammeull og pelsull. Spenst, glans og med deilige fargar kan eg drøyme meg vekk i ei garnhylle. Eg har for vane å kalle Hillesvåg Ullvarefabrikk for min andre heim.

Årets ullvekasjal har eit enkelt design som alle kan strikka. Leggje opp, rettmasker, vrangmasker, kast, to saman og første maske laust av, er det ein treng å kunne for å få til morosamt og fint mønster.

Her kan ein lett bytte ut med tynnare garn og pinnar til eit nettare sjal til ein kjole eller tjukkare garn og pinnar om ein ønskjer eit røffare sjal. Lengda på sjalet kan du bestemme med mengde garn.

Lukke til og hygg deg med arbeidet!

Helsing Hege-Therese Nilsen

